



Sogn og Fjordane Teater
Postboks 324

6802 FØRDE

Fylkeskommunalt tilskot 2019 - Sogn og Fjordane Teater LL

Fylkestinget har i møte 4.des 2018 vedteke budsjett for 2019. Som del av budsjettvedtaket ligg det at fylkestinget også har fastsett det fylkeskommunale tilskotet til Sogn og Fjordane Teater for 2019. Tilskotet er kr 6 387 000.

1. Som grunnlag for fylkestinget sitt vedtak ligg følgjande omtale i budsjettet

Institusjonane er svært viktige for regionen for å gi gode og mangfaldige kulturopplevingar. Dei er også viktige for å gi profesjonelle aktørarar som arrangørar og utøvande kunstnarar ein arbeidsplass. Dei bidreg også i stor grad til å marknadsføre fylket vårt. Dei fylkeskommunale løyvingane genererer statlege og kommunale tilskot på om lag 36 mill. kr til dei fire institusjonane.

Innanfor samfunnsoppdraget til institusjonane skal desse utvikle sin eigen form og måte å produsere og formidle god kunst og kultur til innbyggjarane. Samstundes skal institusjonane på sin måte, og innan sitt område, også vere med på å gjennomføre regional plan for kultur, og vi peikar på m.a. følgjande område som særleg viktige der:

- Inkludering
- Å nå barn og unge i og utanfor skuleverket
- Vere synlege og til stades i store deler av/heile fylket
- Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet
- Delta i arbeid med å styrke opplevingsnæringane i fylket
- Aktivt publikumsarbeid

Sogn og Fjordane Teater

Sogn og Fjordane Teater er turneteater for heile fylket, og driv kontinuerleg utvikling av den regionale teatersatsinga. Dei har eit tett samarbeid med t.d. Hordaland teater. Oppfølging av avklaring om framtidige lokale vil prege 2019.

2. Rapportering og forankring i planer og strategiar

Fylkeskommunen sine forventningar til Sogn og Fjordane teater, jf. over, er forankra i Regional plan for kultur. Vi viser også til teateret sine eigne planer/strategiar. Vi ber om at det i årsrapporten for 2019 vert gjort greie for korleis fylkeskommunen sine forventningar og teateret sine eigne mål/og strategiar er operasjonalisert i teateret si satsing.

Årsmelding og rekneskap for 2018 skal sendast fylkeskommunen så snart desse ligg føre våren 2019.

3. Oppfølging 2019

Fylkesdirektøren vil invitere til to dialogmøter i løpet av året der både fjorårets resultat og bruken av løyvinga for 2019 er tema, og der vi også kan drøfte langsiktige utfordringar og strategiar og moglegheiter for teateret.

Det vert sendt eigen invitasjon til desse møta.

4. Utbetaling av tilskotet for 2019

Det løyvde tilskotet for 2019 vert betalt ut til dykkar konto i løpet av februar.

5. Søknad 2020

Søknad for 2020 skal sendast til Vestland fylkeskommune. Vi vil orientere dykk i eige brev om dette seinare.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Assisterande fylkesdirektør

Sissel Lillebø Aarseth
fagkoordinator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Førde kommune, 6801 Førde
Jarlaug Lauritsen, her
HNK, her